

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 016	16/548

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2016	Valstyret	PS	02.03.2016

Fastseting av tid og stad for førehandsrøysting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 10.02.16 at det skal leggjast til rette for å førehandsrøyste i perioden 09.05.16 – 20.05.16. Førehandsrøystinga vert i resepsjonen på rådhuset.

Kommunestyret delegerte fullmakt til å utarbeide prosedyre for postrøysting i same periode. Vallova § 8-2 fjerde ledd og valforskrifta § 28. regulerer brevstemming. Ved kommunestyre- og fylkestingsval og Stortingsval gjeld dette berre utanlandske veljarar. Veljarar som oppheld seg i Noreg kan røyste på førehand der dei oppheld seg.

Ved folkerøysting er det berre i Meland det er høve til å røyste.

Valstyret må difor ta stilling til om ein skal opne opp for at veljarar som ikkje har høve til å oppsøkje ein røystemottakar for å levere røyst, på denne måten kan levere røyst ved brev utan at ein røystemottakar er til stades ved røystegjevinga.

Dersom vallstyret godkjenner postrøysting, må informasjon om dette leggjast ut på heimesida til kommunen.

Vurdering

Ein ser det som naudsynt å ha utvida opningstid for førehandsrøysting nokre dagar i veka før folkerøystinga.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå i

Resepsjonen Meland rådhus på Frekhaug

måndag 9. mai – fredag 13. mai kl. 08:00 – 15:30
onsdag 18. mai og torsdag 19. mai kl. 08:00 – 19:00
fredag 20. mai kl. 08:00 – 15:30.

Valstyret godkjenner/godkjenner ikkje at det skal være mogeleg å avgje brevstemme.»

Valstyret - 04/2016

VS - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

"Valstyret godkjenner at det skal være mogeleg å avgje brevstemme.»

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

VS - vedtak:

«Valstyret godkjenner at førehandsrøystinga skal føregå i

Resepsjonen Meland rådhus på Frekhaug

måndag 9. mai – fredag 13. mai kl. 08:00 – 15:30
onsdag 18. mai og torsdag 19. mai kl. 08:00 – 19:00
fredag 20. mai kl. 08:00 – 15:30.

Valstyret godkjenner at det skal være mogeleg å avgje brevstemme.»